



ÅMLI KOMMUNE
- BYGDA FOR ALLE



Årsrapport 2017 - Årsmelding og rekneskap
Vedteke av kommunestyret 24.05.2018 i sakene 18/48 og 18/49

Forsidefoto: Fluefiske i Onevatn, Miroslav Kuba
Bildet er beskjært



INNHOLD:

1 Årsmelding for 2017	5
1.1 Innleiring.....	5
1.1.1 ØKONOMISK RESULTAT	5
1.2 Folketal og sysselsetting.....	6
1.3 Kommunen som verksemd	8
1.3.1 ÅRSVERK PR. 31.12.2017	8
1.3.2 ALDERSSAMANSETNING PR. 31.12.2017:	8
1.3.3 UTVIKLINGSARBEID.....	8
1.3.4 INTERNKONTROLL.....	10
1.3.5 TILSYN FRÅ EKSTERNE AKTØRAR.....	10
1.3.6 BEREDSKAP	10
1.3.7 INFORMASJONSSIKKERHET.....	11
1.3.8 LIKESTILLING.....	11
1.3.9 HEIDER TIL KOMMUNALT TILSETTE:	11
1.3.10 ARBEIDSMILJØ OG YTRE MILJØ:	12
1.4 Folkevalde.....	12
1.4.1 POLITISK ORGANISERING	12
1.4.2 MØTEAKTIVITET I DEI FASTE POLITISKE ORGANNA	13
1.4.3 ØKONOMISK RESULTAT	13
1.4.4 VEDTAK FATTÅ I KOMMUNESTYRET 2016, MED STATUS UNDER BEHANDLING (UB)	14
1.4.5 STAUS PÅ VEDTAK FATTÅ I KOMMUNESTYRET 2017.....	14
1.4.6 TILTAKSOVERSIKT MED STATUS	18
1.5 Rådmannens stab.....	20
1.5.1 ORGANISERING	20
1.5.2 OVERORDNA MÅL	20
1.5.3 FOKUSOMRÅDE	20
1.5.4 ØKONOMI.....	20
1.6 Samfunn.....	21
1.6.1 ORGANISERING	21
1.6.2 FOKUSOMRÅDE 2017	21
1.6.3 ØKONOMI.....	24
1.7 Oppvekst.....	25
1.7.1 SKULEN	25
1.7.2 SFO.....	25
1.7.3 BARNEHAGE	25
1.7.4 ÅMLI PP-TENESTE	26
1.7.5 HELSESTASJONEN /JORDMORTENESTE	26
1.7.6 FLYKTNINGTENESTA	26
1.7.7 VAKSENOPPLÆRING FRAMANDSPRÅKLEGE.....	26
1.7.8 UNGDOMSARBEIDAR.....	26
1.7.9 KULTURSKULEN.....	26
1.7.10 ØKONOMI.....	27

1.8 Habilitering og ressurs	28
1.8.1 ORGANISERING	28
1.8.2 TENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA (Timmerodden Bufellesskap)	28
1.8.3 NAV KOMMUNALE TENESTAR	28
1.8.4 PSYKISK HELSETENESTE/RUS	29
1.8.5 DAGSENTER	29
1.8.6 ÅMLI FRIVILLIG SENTRAL	29
1.8.7 ØKONOMI	29
1.9 Helse og velferd	30
1.9.1 ORGANISERING	30
1.9.2 LEGEKONTOR	30
1.9.3 FYSIOTERAPEUT	30
1.9.4 FRISKLIVSENTRAL	30
1.9.5 INSTITUSJON - ÅPOS	31
1.9.6 SKJERMA AVDELING	31
1.9.7 LANGTIDSAVDELING	31
1.9.8 KJØKKEN / VASKERI /REINHOLD	31
1.9.9 HEIMESJUKEPLEIE	31
1.9.10 HEIMHJELP – PRAKTISK BISTAND	32
1.9.11 AMBULERANDE VAKTMESTER	32
1.9.12 AKTIVITETSTILBOD TIL DEMENTE	32
1.9.13 SYN OG HØRSELSKONTAKT	32
1.9.14 ØKONOMI	33
2 Rekneskap for 2017	34
2.1 Netto resultat fordelt på resultateining	34
2.2 Nøkkeltal	34
2.3 Hovedoversiktar	37
2.3.1 HOVEDOVERSIKT SKJEMA 1A DRIFT	37
2.3.2 HOVEDOVERSIKT SKJEMA 1B - DRIFT PR. TENESTE T.O.M. TENESTE 4000	37
2.3.3 HOVEDOVERSIKT SKJEMA 2A- INVESTERING	40
2.3.4 HOVEDOVERSIKT SKJEMA 2B - INVESTERING	41
2.3.5 HOVEDOVERSIKT BALANSE	42
2.3.6 HOVEDOVERSIKT DRIFT	43
2.3.7 HOVUDOVERSIKT INVESTERING	44
2.3.8 HOVEDOVERSIKT ANSKAFFELSE OG BRUK AV MIDLAR	44
2.4 Noter	45
2.4.1 NOTE 1 – ENDRING I ARBEIDSKAPITAL	45
2.4.2 NOTE 2 - PENSJON	45
2.4.3 NOTE 3 – OPPGÅVE OVER ÅMLI KOMMUNE SINE GARANTIFORPLIKTELSAR 31.12.	46
2.4.4 NOTE 4 - AKSJAR OG ANDELAR I SELSKAP	47
2.4.5 NOTE 5 – ÅVSETNINGAR OG BRUK AV FOND	47
2.4.6 NOTE 6 – PENSJON	48
2.4.7 NOTE 7 - SAMLA ETTERKALKYLE SJØLVKOST 2017	49
2.4.8 NOTE 8 – KAPITALKONTO	49
2.4.9 NOTE 9 – LÅNEGJELD	50
2.4.10 NOTE 10 – INNSKOT/PLASSERINGAR/GJELDSPORTEFØLJE	50
2.5 Årsmelding Åmli Kraftfond	51

1 Årsmelding for 2017

1.1 Innleiing

Rådmannen i Åmli kommune legg med dette fram årsrapport med rekneskap og årsmelding for 2017 som eit samla dokument. Dokumentet er utarbeidd i tråd med ny mal gjeldande frå 2016.

Dokumentet skal stetta dei krav kommunelova set i høve til rapporteringa til kommunestyre. Rapporten skal gi opplysningar om forhold som er viktige for å vurdere kommunen sin økonomiske stilling og resultat.

Årsrekneskapen skal omfatte alle økonomiske midlar som vert disponert, og bruk av midlane. Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen etter tilråding frå formannskapet. Vedtaket skal syne disponering av rekneskapsmessig resultat.

Det er krav i kommunelova § 48 om rapportering av forhold av vesentlig verdi for kommunen, omtale av tiltak for å sikre høg etisk standard – og arbeid for å fremje miljø og likestilling på alle område i kommunen.

Slik rådmannen ser det vert desse lovkrava ivaretake i dette felles dokumentet.

1.1.1 ØKONOMISK RESULTAT

Driftsrekneskapen

Netto driftsresultat skal i utgangspunktet vise forskjellen mellom kommunen sine inntekter og utgifter gjennom året i motsetnad til rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk (botnlinja) som måler økonomisk avvik sett i høve til eit budsjett i balanse.

Rekneskapsført netto driftsresultat for rekneskapsåret 2017 er positivt og utgjer kr 7,474 mill.

Det utgjer 3,7 % av sum driftsinntekter i 2017. I 2016 utgjorde netto driftsresultat 7,9 % av brutto driftsinntekter.

Kommunaldepartementet sine føringar er at måltalet minst skal utgjer 1,75 % av sum driftsinntekter. Kommunen ligg godt innanfor måltalet.

Etter bruk og avsetninger til fond vart driftsrekneskapen for 2017 avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4,9 mill. mot kr 9,4 mill. i 2016.

Kommunen har netto sett av kr 10,7 mill. til disposisjonsfond, medan det vart budsjettet med ei netto avsetning på 7,9 mill. Differansen utgjer i hovudsak

meirinntekter knytt til integreringstilskot. Ein viser her til vedtak i K-sak 16/50 om administrasjonens fullmakter. Vidare gjeld det føringane kring trykkekostnader bygdebok samt prosjektet Tidlig innsats – trygg oppvekst.

Endring i kommunen sin økonomiske handlefridom må vurderast mot endring i disposisjonsfond under eigenkapitalen i balansen, alternativt netto bruk/avsetning til disposisjonsfond i driftsrekneskapen.

Tenesteområda har samla sett eit mindreforbruk i høve til revidert budsjett på kr 2,8 mill.

Dette syner god budsjettidisplin og god økonomisk kontroll i dei ulike einingane.

Utover dette fekk kommunen meir frie inntekter enn budsjettet – hovudsakleg grunna auka skatteinngang. Skatteinngangen auka i 2017 med om lag 6,6 % sett i forhold til 2016 medan det i 2017 var forventa ein vekst på om lag 1,0% i revidert nasjonalbudsjett for landet sett i forhold til 2016.

Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse mellom utgifter og inntekter.

Av totalt finansieringsbehov på kr 26,2 mill. er kr 16,0 mill. finansiert med låneopptak.

Investeringsprosjekta kan gå over meir enn eit rekneskapsår og det kan difor vere til dels store avvik mellom budsjett og rekneskap. I all hovudsak er prosjekta gjennomført i.h.h.t vedteke budsjett og investeringsrekneskapen leggast fram i balanse.

Nærare om kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12

Fond

For å ivaretake ein viss økonomisk handlefridom, bør kommunen ha frie driftsfond av ein viss størrelse for å kunne møte endra rammebetingelsar kring drifta. Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk frå tidlegare år bør og takast med i vurderinga av frie fond pr. 31.12.

Frie fond knytt til drift pr. 1. januar 2017 utgjorde kr 29,4 mill. (disposisjonsfond + akkumulert mindreforbruk, medan tilsvarende saldo pr. 31.desember 2017 er positiv med kr 34,9 mill. (disposisjonsfond + udisponert mindreforbruk) Dette svarar til ein auke på kr 12,8 mill. gjennom året. Kommunen har slik sett blitt kr 5,5 mill. «rikare» i løpet av 2017.

Ved utgangen av 2017 utgjer netto balanseført premieavvik kr 7,0 mill. (kr 7,6 mill. i 2016)

Akkumulert premieavvik i balansen skal utgiftsførast i kommunen sitt driftsrekneskap over eit visst tidsintervall alt avhengig av når tid premieavviket oppstod. Amortiseringstida for premieavviket har blitt redusert frå opprinnelig 15 år til 7 år. Dette fører til at tilbakeføring av akkumulert premieavvik vil skje over kortare tid, og med høgare beløp pr. år. Konsekvensen er auka årleg belastning i kommunen sin driftsrekneskap dei komande åra.

Når kommunen ikkje har sett av midlar til fond for å dekke denne plikta i rekneskapen, må disposisjonsfonda korrigeraast for netto balanseført premieavvik for å kunne synleggjere kommunen sin faktiske økonomiske handlefridom. Resultatet vert då at kommunen sine frie fond utgjer kr 27,9 mill. ved utgangen av 2016. Korrigert for premieavviket utgjorde dei frie fonda kr 21,8 mill. i 2016. Kommunen sin handlefridom er vesentleg forbetra frå 2016 til 2017 for å møte framtidige utfordringar.

Gjeld

Ved utgangen av 2017 er kommunen si lånegjeld, knytt til investeringar, forholdsvis høg i forhold til kommunen sine driftsinntekter. Åmli kommune må framleis bruke ein forholdsvis stor del av driftsinntektene til å dekke renter og avdrag i åra som kjem. Netto lånegjeld pr. 31.12.17 utgjer kr 168,1 mill

mot kr 161,9 mill. i 2016.mill. Driftsinntektene var kr 201,9 mill. i 2017. Dette gir ein gjeldsgrad på 83,3 % mot ein gjeldsgrad på 81,1 % i 2016.

Likviditet

Kommunelova krev at kommunane skal ha midlar nok til å dekke sine betalingsplikter ved forfall.

Likviditet vert målt ved å sjå på forholdet mellom balanseførte verdiar for omløpsmidlar (kortsiktige fordringar, omløpsaksjar, samt kasse og bankkonti) og kortsiktig gjeld. Basert på kommunens balanseførte verdiar pr. 31.12.17 utgjer forholdstalet 3,0 (3,7 i 2016)

Anbefalt forholdstal er 1.

I kommunen sin bankbeholdning finst midlar som er tilført gjennom låneopptak til investeringsformål. Slike ubrukte lånemidlar bør ikke telje som drifts-likviditet. For å få eit meir korrekt bilet, bør ein justere kontantbeholdninga for desse ubrukte låne-midla.

Basert på justerte verdiar endrast forholdstalet til 2,8 som er uendra sett i forhold til 2016.

Ein kan, ut frå totalbilete, konkludere med at kommunen sin økonomiske situasjon er styrka gjennom året.

1.2 Folketal og sysselsetting

År	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Folketal pr 01.01.	1825	1815	1810	1832	1847	1856	1845

11,5 % av Åmlis befolkning har utenlandske statsborgerskap. Flest er det fra Tyskland (44 personar), Polen (35 personar), Nederland (24 personar), Syria (32 personar) og Danmark (11 personar).

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
	Personer						
0 år	11	23	17	16	19	30	17
1-5 år	87	88	86	98	99	111	121
6-12 år	158	146	143	141	142	145	140
13-15 år	91	88	82	83	73	63	65
16-19 år	91	98	112	105	111	111	96
20-44 år	528	512	501	503	521	538	549
45-66 år	565	571	563	567	552	532	524
67-79 år	202	212	228	232	247	238	239
80-89 år	67	60	60	71	72	78	83
90 år eller eldre	25	17	18	16	11	10	11
Sum	1825	1815	1810	1832	1847	1856	1845

Framskrivningstal for elevtal i skulekrinsane komande år.

Skulekrins / år	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23
Åmli	187	186	195	192	200	211
Dølemo	15	16	14	14	14	15



Sysselsetting

60,7 % av av Åmli sin befolkning mellom 15 og 74 år var sysselsett i 2017, 59,1 % kvinner og 62,2 % menn.

Tilsvarande tal for 2016 var 59 %, 57 % og 60,8 %.

I 2017 var ledigheten i Åmli 2,3 %. Av dei ledige i 2017 var 2,3 % menn og 2,3 % kvinner.

Tilsvarande tal for 2016 var 2,5 %, 3,1 % og 1,8 %.

Arbeidsmarknaden

66 % av arbeidsstyrken i Åmli jobbar i eigen kommune. Størst utpendling har vi til Arendal og dei fleste som pendlar til Åmli kjem frå Telemark, (Nissedal), Arendal og Vegårshei.

		Bostedskommune 2016																																		
Arbeidskommune	Oslo	Telemark	Bjørnafjorden	Grimstad	Arendal	Gjerstad	Tvedstrand	Froland	Lillesand	Birkenes	Åmli	Vestland	Eyre og Hornnes	Bygland	Bykle	Valle	Kristiansand	Mandal	Farsund	Flekkefjord	Vennesla	Songdalen	Søgne	Marnardal	Audnedal	Lindesnes	Lyngdal	Hægebostad	Kvinesdal	Sirdal	Andre region	Rogaland				
		3 %	3 %	2 %	2 %	2 %	2 %	2 %	2 %	1 %	1 %	1 %	1 %	2 %	2 %	3 %	2 %	1 %	1 %	2 %	2 %	2 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %								
Telemark		2 %		9 %	2 %	1 %	1 %																													
Riser		63 %		14 %	6 %	7 %																												2 %		
Grimstad		1 %	55 %	8 %		2 %	2 %	9 %	5 %	3 %	1 %							1 %														2 %				
Arendal		9 %	21 %	73 %	6 %	15 %	19 %	45 %	4 %	3 %	10 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %															2 %					
Gjerstad		5 %		51 %	3 %	1 %																										1 %				
Vegårshei		1 %		1 %	47 %	2 %																											1 %			
Tvedstrand		7 %		2 %	7 %	12 %	54 %	1 %																												
Froland			1 %	2 %		1 %		31 %																										1 %		
Lillesand		4 %	1 %					1 %	49 %	10 %	1 %						2 %				1 %	1 %									1 %					
Birkenes								1 %	3 %	47 %							2 %															4 %				
Åmli					4 %		1 %			66 %																					1 %					
Ytre Norge											1 %																									
Evje og Hornnes											1 %	1 %	8 %	68 %	21 %	4 %	2 %		1 %			6 %	1 %		1 %		2 %									
Bygland												1 %	8 %	57 %	1 %																2 %					
Valle												1 %	3 %	71 %	5 %																	2 %				
Bykle													1 %	8 %	80 %																		2 %			
Kristiansand		9 %	4 %	1 %	2 %	2 %	4 %	28 %	24 %	2 %	24 %	8 %	6 %	4 %	3 %	82 %	12 %	3 %	2 %	42 %	45 %	39 %	13 %	6 %	8 %	6 %	3 %	6 %	3 %	1 %	1 %					
Mandal														1 %				1 %	64 %	1 %			2 %	3 %	20 %	4 %	6 %	20 %	3 %	2 %		1 %				
Farsund																			72 %	1 %														2 %		
Flekkefjord																		2 %	74 %															1 %		
Vennesla											3 %	17 %	2 %	1 %					43 %	3 %	1 %	2 %	2 %									1 %				
Songdalen												1 %	2 %	1 %	1 %				2 %	33 %	7 %	4 %	2 %									1 %				
Søgne												1 %	1 %						1 %	7 %	40 %	3 %														
Marnardal																			2 %																	
Åsəral																	2 %	1 %	1 %															3 %		
Audnedal																								5 %	3 %	51 %	2 %						5 %			
Lindesnes																			6 %																1 %	
Lyngdal																			2 %	9 %	1 %													1 %		
Hægebostad																				1 %	4 %	6 %												1 %		
Kvinesdal																			1 %	5 %															1 %	
Sirdal																			1 %																1 %	
Rogaland		2 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	2 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	2 %	1 %	2 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	
Andre region		2 %	5 %	4 %	4 %	6 %	2 %	2 %	2 %	2 %	5 %	2 %	3 %	2 %	3 %	3 %	4 %	5 %	4 %	2 %	2 %	4 %	3 %	3 %	2 %	3 %	4 %	2 %	4 %	3 %						
Totalt		100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	
% netto pendling		-15 %	-16 %	4 %	-20 %	-39 %	-13 %	-49 %	-13 %	-32 %	-4 %	-25 %	-3 %	-8 %	-7 %	13 %	17 %	-14 %	-13 %	-5 %	-35 %	-8 %	-38 %	-36 %	18 %	-23 %	-17 %	2 %	-12 %	-21 %	14 %					

Fødde/døde i Åmli kommune

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Folkemengde 1.1	1829	1825	1815	1810	1832	1847	1856
Levendefødte	13	22	16	15	19	30	17
Døde	25	34	16	15	22	25	17
Fødselsoverskudd	-12	-12	0	0	-3	5	0

Flyttetal for Åmli

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Innflyttinger	100	94	94	103	120	98	93
Uttflyttinger	92	92	102	81	102	93	104
Nettoinnflytting	8	2	-8	22	18	5	-11
Folketilvekst	-4	-10	-5	22	15	9	-11

1.3 Kommunen som verksemd

1.3.1 ÅRSVERK PR. 31.12.2017

Eining	Kvinner	Menn	Sum årsverk
Rådmannens stab	5,7	3,00	8,7
Oppvekst	48,55	17,74	66,29
Helse og velferd	42,88	3,00	45,88
Habilitering og ressurs	16,23	1,77	18,00
Samfunn	10,27	11,8	22,07
Sum årsverk	123,63	37,31	160,94

Årsverk og fordeling på kvinner og menn er henta ut frå kommunen sine lønsdata. Tala vil ikkje vere 100% riktig då både ein fast tilsett som har gått på sjukeløn/løna permisjon og vikar kan vere med i berekningsgrunnlaget. Sentrale personalregister, som til dømes PAI-registeret til Kommunenes Sentralforbund, vil innehalde dei same små feilmarginane.

Sum årsverk har auka frå 155,64 i 2016 til 160,94 i 2017.

1.3.2 ALDERSSAMANSETNING PR. 31.12.2017:

Eining	Under 20 år	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	Sum tilsette
Rådmannens stab	0	0	0	4	4	3	11
Oppvekst	1	14	15	32	17	13	92
Helse- og velferd	0	9	16	22	13	3	66
Habilitering og ressurs	0	3	7	7	6	3	26
Samfunn	0	0	1	5	9	12	27
SUM	1	26	39	70	49	37	222

Hovudtyngda tilsette ligg i aldersgruppa 40-49 år, men det er også mange tilsette i aldersgruppa 50-69 år og som er stigande i åra framover.

1.3.3 UTVIKLINGSARBEID

Nærvær/oppfølging av sjukefråvær

År	Kvinner	Menn	Totalt
2012	8,79	3,67	7,49
2013	10,21	2,24	8,85
2014	10,34	6,21	9,37
2015	12,61	3,41	10,44
2016	8,36	5,92	7,80
2017	7,59	4,57	6,92

I 2016 og 2017 har det vore fokus på å ha tett oppfølging på arbeidsplassen i høve til tilsette som står i fare for å gå ut i sjukmelding og tilsette som er sjukmelde.

Det er ei av årsakene til at fråveret har gått ned i 2016 og 2017. Det syner at det er viktig med tett oppfølging frå nærmeste leiar over tid.

Prosjekt «Tidlig innsats og trygg oppvekst»:

Strategiplan vedteke av kom.styret i 2016. I tillegg er prosjektleiar kontaktperson for forskningsprosjekt for 9 kommunar i regi av Agderforskning og UIA. Forprosjektet er avslutta og gått over til eit

hovudprosjekt som blir vidareført av Agderforskning. Åmli kommune er framleis med som ein del av prosjektet.

Prosjektet tidlig innsats og trygg oppvekst held fram i 2018. Kom.styret hadde sett av kr 100.000,- til kommunal eigenandel til universelle tiltak i 2017. Tiltak i strategiplanen som har vore gjennomført er: Gratis fritidsaktivitet, kulturkarusellen, ein gratis ferieaktivitet og utstyrssbank. Prosjekta har vore evaluert internt og med tilbakemeldingar frå dei unge som har teke imot tilboda.

BTI (Betre tverrfagleg innsats)

Dette er eit langsiktig tiltak i startegiplanen. I 2017 vart det gjennomført ei 0-punkt analyse som har hatt som føremål å kartlegge kompetansen i tenestene. Barnehage og skule har utarbeidd handlingsrettleiarar. BTI-informasjonen med handlingsrettleiarar og verktøy ligg på kommunen si heimeside. Det har blitt laga brosjyrer, på norsk og arabisk, som gir oversikt over tilboda i tenestene i kommunen. Brosjyra er delt ut til alle unge i kommunen. BTI er blitt ei satsing i program for folkehelse i Agder. Åmli er med

som delkommune i prosjektet. I 2017 fekk kommunen 200.000,- fra helsedirektoratet for å arbeide med BTI.

Kompetanse For Mangfold

Vaksenopplæringa, barnehagane og skulane har arbeidd med prosjektet kompetanse for mangfold (KFM). Prosjektet har bakgrunn i Stortingsmelding 6 "En helhetleg integreringspolitikk. Mangfold og fellesskap. (2012-2013)." Åmlisamfunnet er mangfoldig med folk frå 37 nasjonar. Vi har elevar i innføringsklasse på Åmli skule. Det er 26 minoritetsspråklige i barnehagane og det har vore oppe i 28 elever på vaksenopplæringa. I prosjektet har kommunen har hatt fagleg støtte frå Universitet i Agder med å legge til rette for kompetanseheving

LOS:

Prosjektleiaren har hausten 17 hatt 75 % stilling.. Losen har hatt som føremål å følgje opp ungdom slik at flest mogeleg skal klare å gjennomføre vidaregåande skule. Prosjektet avsluttast i juli 2018. Kommunestyret har vedteke at LOS-stillinga skal vere fast. Stillinga vert lyst ut saman med oppgåver som SLT-koordinator (Samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggjande tiltak)

Det er for mange som ikkje fullførar vidaregåande utdanning. Arbeidet som har vore utført i 2017 har gitt indikasjonar på at fråfallet i det komande ser ut til å minske.

Lokal LOS har delteke på nasjonal samling.

Strukturelle endringar

Det blir kvart år arbeida med strukturelle endringar. Dette gjeld tiltak som gir betra samordna tenester, nye tiltak og tiltak som går på effektivisering/ innsparing.

Alle tiltak som gjeld strukturelle endringar blir fremma i eiga sak til kommunestyret i juni kvart år. Det blir då avklart kva for strukturelle tiltak som må utgreiast nærmere og som det må skrivast eigne saker på i høve til årsbudsjett og økonomiplan.

Ungdataundersøkinga:

Nasjonal undersøking kvart anna år for elevar på trinn 8-10 i grunnskulen og 1. og 2. trinn på VGS. Koordinerast i Åmli av folkehelsekoordinator. Siste undersøking vart gjennomført i 2016.

Resultat av undersøkinga gir gode tal på kommunenivå i høve til ungdomen og aktuelle tiltak.

Kvello i barnehagane:

Målet med Kvello-observasjonar er at barn som har behov for ekstra utviklingsstøtte skal få hjelp så tidleg som mogleg, frå barnehagen og/eller i samarbeid med PPT eller andre instansar.

Samtidig skal det hjelpe barnehagane med å arbeide meir systematisk, dvs. gje barnehagen auka kompetanse for best mogeleg å kunne sette i gong utviklingsstøttande tiltak for barnet.

Etterbruk av Åmli VG-skule

Det vart i september 2017 tilsett prosjektleiar for å sjå på etterbruken av AVS etter at skulen er vedteke nedlagt frå 2020. Prosjektet er organisert med prosjektgruppe, referansegruppe og styringsgruppe av eit utvida formannskap. Aktiviteten hausten 2017 har vore mykje kartlegging og møteaktivitet for å finne gode innfallsinklar for å sikre eit berekraftig prosjekt.

Åmli som ein AV-OG-TIL kommune

Åmli kommune har inngått samarbeidsavtale med organisasjonen AV-OG-TIL. AV-OG-TIL er ein alkovettorganisasjon. Det vert sett fokus på situasjonar der alkohol utgjer ein særleg risiko eller kan være til ulykke for andre. AV-OG-TIL vil bidra til å redusere dei negative følgjene av alkoholbruk i samfunnet og gjere kverdagen tryggare for alle. Gjennom å vere ein AV-OG-TIL kommune får vi sett fokus på forebyggjing og haldningsskapande arbeid innom rusfeltet. Vi deltek i ulike kampanjer som f.eks. «Hvor mange glass tåler barnet ditt».

AV-OG-TIL jobber ikkje for at ein skal slutte å drikke alkohol, men at vi skal redusere alkoholbruken der det kan være fareg eller gå ut over andre. Derfor har vi kampanjar som særleg fokuserer på situasjonar kor alkohol utgjer ein særleg risiko. Disse er: Arbeidsliv, båt- og badeliv, graviditet, idrett og friluftsliv, livskriser, samvær med barn og unge og trafikk.

AV-OG-TIL driv haldningsskapande arbeid gjennom eit bredt nettverk av frivillige organisasjonar, kommunar og andre samarbeidspartar.

Opplæring HMSK og avvikshandtering (QM+):

Dette er viktige tiltak for å sikre gode rutinar og arbeidstilhøve for tilsette. Sjå eige punkt om Internkontroll for nærmere kommentarar.

Lærlingar:

Kommunen har p.t. 5 plasser for lærlingar. To i helsearbeidarfaget og tre i barne- og ungdomsarbeiderfaget.

Dei sentrale partar i arbeidslivet, både offentleg og privat sektor, har utarbeida ein samfunnskontrakt der

det ligg ei målsetting om at kommunane aukar antal lærlingar mot måltal om å ha tri lærlingar pr. 1.000 innbyggjarar.

Denne føringa ligg og i intensjonsavtalen med fylkeskommunen frå 2019.

Utfordringa er at det ikkje er nok lære plassar å tilby elevane etter fullført VG2. Eit lærlingeløp går over 4 år (2 år i skule og 2 år i lærebedrift).

Fylkeskommunen må opprette eigne VG3-klassar for dei som har krav og ikkje får lære plass. Det er ei därleg løysing då det ikkje er tvil om at lærlingar som går eit 4-årig løp får ei betre kvalitet på utdanninga enn dei elevane som bare går eit 3-årig løp før oppmelding til fagprøve.

Sommarjobb for skuleungdom:

Åmli kommune har i mange år hatt eit tilbod om sommarjobb for skuleungdom som bur i kommunen.

Tilbodet går ut til alle 17-åringar og dei kan velje om dei vil ha to veker sommarjobb i kommunen eller i privat bedrift. I 2017 var det 20 ungdomar som nyttar tilbodet. 11 i kommunen og 9 i private verksemder.

1.3.4 INTERNKONTROLL

KS har definert "Rådmannens internkontroll – orden i eige hus" med følgjande hensikt og mål for internkontroll:

- Kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen
- Heilhetleg styring og riktig utvikling
- Godt omdømme og legitimitet
- Etterleving av lov og regelverk

Rådmannen har kontinuerleg fokus på arbeidet med å forbetre system for styring av verksemda og internkontroll både når det gjelder tenestekvalitet og HMS. Rådmannen har ansvar for at vedteke styringsdokument blir fulgt opp i organisasjonen, og at kommunen leverer tenester av riktig kvalitet til brukarar og innbyggjarar. Etter kommunelova § 23 skal rådmannen sørge for at administrasjonen drivast i samsvar med lovar, forskrifter og overordna instruksar, og er gjenstand for tryggjande kontroll. Rådmannens interne kontroll skjer i forlenginga av kommunestyrets tilsyn (kontrollutvalg og revisjon) og statens tilsyn med kommunane, jf. 5.4.2.

Einingsleiarar har ansvar for å etablere, og følje opp, den interne kontrollen i samsvar med delegerte fullmakter.

Det er i tillegg fastsatt særskilde internkontrollkrav innan ei rekke område av kommunens verksemder.

1.3.5 TILSYN FRÅ EKSTERNE AKTØRAR

I tillegg til rådmannens egen internkontroll, er det fleire eksterne aktørar som fører tilsyn med kommunen. I 2017 har kommunen hatt følgjande tilsyn::

Kven	Type tilsyn
Fylkesmannen	Felles nasjonalt tilsyn med Åmli kommune og Åmli skule: - Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa - Forvaltningskompetanse
Mattilsynet	Tilsyn med høydebasseng i vannforsyningssystemer Tilsyn med detaljomsetning og servering av mat og drikke hos Åmli pleie- og omsorgssenter
Aust-Agder revisjon IKS	Forvaltningsrevisjon – Barnevernjenesten Øst i Agder
Østre Agder Brannvesen	Tilsyn Åmli barne- og ungdomsskule

1.3.6 BEREDSKAP

Den overordna Beredskapsplanen blei vedteke av kommunestyret i 2015.

Rådmannens stab, ved beredskapskoordinator, har det overordna ansvaret for oppfølginga av kommunens arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap.

Den einskilde einingsleiar har delegert ansvar for beredskap for eigne tenesteområder.

Krisehandtering skjer etter følgjande fire hovudprinsipp:

ANSVAR - Den myndigkeit med det daglige ansvaret, har ansvar og i ei krise

LIKHET - Organiseringa i krise skal vere mest mogleg lik dagleg organisering

NÆRHET - Ei krise skal handteras på lågast mogleg nivå

SAMVIRKE - Alle verksemder har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering

Krisehandtering er summen av tiltak som settast i verk for å avgrense ei skade og bringe krisa til opphør.

Opplæring

Det er gitt opplæring i:

- Loggføring og situasjonsrapportskriving i DSB sitt CIM (elektronisk krisestøtteverktøy) med Cim-loggføringsteam.
- Bruk av innbyggjarvarsling «Varsling24».

Øvingar

Fylkesmannen gjennomførte varslingsøving med alle kommunane i Aust- og Vest - Agder 29.mai 2017

6.november 2017 samlokalisert beredskapsøving med brann, ambulanse, politi, Norsk Folkehjelp Åmli lag og kommunens kriseliteing og deira stab/støtte funksjonar, psykososialt kriseteam og det vart oppretta Evakuerte og pårørandesenter i Åmlihallen.

Nokre av einingane har gjennomført brannøvingar og nokre har gjennomført førstehjelpskurs / øvingar.

Uønska hending/mottatt varsel frå Fylkesmannen

15.juni – 15.juli uønska hending Nelaug vassverk bakteriar i drikkevatnet.

29.september – 2.oktober Flom, medførte nokre stengde vegar i vår kommune.

5.november - 7.november dårlig vær, snøfall med brot på tele- og straumforsyning.

1.3.7 INFORMASJONSSIKKERHET

I følgje instruks for informasjonssikkerhet for DDØ - kommunane (godkjent av rådmennene 4.10.13/ 20.10.17), skal kommunen sin sikkerheits-anvarlege rapportere til rådmannen i forbindelse med leiinga si årlege gjennomgang. Resultatet skal dokumenterast i kommunen si årsmelding og skal være grunnlag for eventuelle forbetringar.

Denne instrusken pålegg sikkerheitsansvarlege i kommunane å danne eit fagleg nettverk. Aktivitetane i DDØ sikkerheitsforum kan oppsummerast slik:

- Gjennomgang / repetisjon av instruks og mandat
- Behandla ulike saker, deriblant:
 - Informasjon om endra strategi i DDØ
 - Gjennomgang av enkelte program / fagsystem
 - Nytt GDPR regelverk
 - Publikumstilgang
 - Gjennomgang av prosedyrar
- Utveksling av erfaringar og utfordringar
- Det jobbast kontinuerlig med å få til ein betre flyt (digitalisering) av skjemabruk

1.3.8 LIKESTILLING

I Åmli har hovudfokus for likestillingsarbeidet i 2017 vore:

- Reduksjon av sjukefråvær, som er størst i kvinnedominerte yrker.
- Kommunen arbeider målretta for å redusere talet på deltidsstillingar og auke størrelsen på stillingar og utjamne lønsforskellar.
- Vere ein god tiltaksarrangør i samarbeid med NAV for å bidra til at yrkeshemma kan returnere til arbeidslivet.
- I kommunen si leiargruppe er det 3 kvinner og 4 menn.

Andel tilsette heiltid (100% stilling) pr 31.12.:

Eining	2016	2017
Rådmannens stab	46%	50%
Oppvekst	41%	36%
Helse- og velferd	23%	20%
Habilitering og ressurs	24%	23%
Samfunn	48%	53%

Tabellen syner at det særleg er Helse og velferd og Habilitering og ressurs som har få tilsette i 100% stilling.

Utfordringa også på landsplan er at det er særleg innan pleie- og omsorgssektoren det er mange deltidstilsette.

I 2018 vil det bli satt i gang eit prosjekt for å følgje opp Heiltidserklæringa som er inngått mellom dei sentrale partane i arbeidslivet.

1.3.9 HEIDER TIL KOMMUNALT TILSETTE:



F.v.: Liv Tande (40 år), Brit Tove Baasland Støylen (40 år), ordførar Reidar Saga, Astrid Johanne Kittelsen (25 år) og Ruth Kjeldegaard Lien (25 år)

1.3.10 ARBEIDSMILJØ OG YTRE MILJØ:

Åmli kommune arbeider systematisk og breitt for å sikre eit godt arbeidsmiljø.

I det systematiske arbeidet med å sikre eit godt arbeidsmiljø ligg kontinuerleg registrering og oppfølging av sjukefråver, vernerundar, medarbeidar-samtalar, arbeidsplassvurdering, avviksrapportering

og medarbeidarundersøking. Ny medarbeidarundersøking (10-faktor frå Kommuneforlaget/KS) skal gjennomførast i 2018. Det er ei målsetting om at medarbeidarundersøking skal gjennomførast kvart andre år.

I høve til det ytre miljø er det fokus på å sikre god kvalitet på alle vasskjelder og anna arbeid for å hindre forureining.

1.4 Folkevalde

1.4.1 POLITISK ORGANISERING

Prinsippet i organiseringa er at alle ikkje lovbestemte utval vert nedlagt og at sakene går direkte frå administrasjonen til kommunestyret. Unntak for dette er saker som gjennom lov-/avtalebestemte skal gå via utval før behandling i kommunestyret. Det vil gjelde økonomisaker i formannskapet, arbeidsgjevarsaker i administrasjonsutvalet og plansaker i planutvalet. Saker i alle dei andre lovbestemte utvala stopper normalt i utvalet etter særlov.

Organiseringa bygger på at formannskapet sine medlem er klageutval, planutval, valstyre og arbeidsgjevarsida i administrasjonsutvalet

Organ	Lovpålagte oppgåver
Kommunestyre (kommuneloven §6)	Kommunestyre er kommunens øverste kommunale organ og treffer vedtak på vegne av kommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak.
Formannskap (kommuneloven §8)	Formannskapet har lovpaagte oppgaver etter kommuneloven, deriblant oppgaven som økonomiutvalg. Utover dette treffer formannskapet vedtak i saker som kommunestyre har delegert til formannskapet.
Kommunalt klageorgan (forvaltningsloven §28)	Utvalget er personidentisk med formannskapet. Utvalget behandler klager på enkeltvedtak som er fattet i kommunale organer, der ikke særlover konkret angir en annen saksbehandling. Forvaltningslovens regler er gjeldende for utvalget.
Planutvalg (kommuneloven §10)	Planutvalget er ett fast utvalg oppnevnt i kommunelovens §10. Utvalget er personidentisk med formannskapet.
Administrasjonsutvalg (kommuneloven §25)	Kommunens partssammensatte utvalg for behandling av saker som gjelder forhold mellom kommunen som arbeidsgiver og de ansatte.
Arbeidsmiljøutvalg (arbeidsmiljøloven §7-1)	Arbeidsmiljøloven § 7.
Forhandlingsutvalg	Forhandlingsutvalget er ett politisk sammensatt utvalg med tre medlemmer. Utvalget skal gjennomføre lønnsforhandlinger etter hovedtariffavtalen der slike myndigheter ikke er delegert til rådmannen. I samsvar med kap. 3 i Hovedtariff-avtalen har forhandlingsutvalget myndighet til å forhandle og inngå bindende protokoll ved lokale lønnsforhandlinger for rådmannen og enhetsledere.
Kontrollutvalg (kommuneloven §77)	Organet skal føre tilsyn med kommunens forvaltning. Utvalget velges av kommunestyret.
Rådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne	Åmli kommune har gjort vedtak om å slå sammen eldrerådet og rådet for funksjonshemma. Rådet skal gi uttalelser i alle saker som kommunen arbeider med som er av betydning for disse gruppene.
Valgstyre (valgloven §4-1)	Valgstyret blir valgt av kommunestyre
Forliksråd (domstolloven §27)	Kommunen velger ett forliksråd på 3 medlemmer med varamedlemmer.
Sakkynlig nemnd - eiendomsskatt (eiendomsskatteloven § 8A-3)	Nemnda skal taksere eiendommene i kommunen.
Sakkynlig ankenemnd – eiendomsskatt	Nemnda skal behandle klager på takseringen som ikke blir tatt til følge av sakkynlig nemnd.

1.4.2 MØTEAKTIVITET I DEI FASTE POLITISKE ORGANA

Utval	År	2015		2016		2017	
		Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret		12	200	9	170	8	148
Formannskapet		14	101	11	106	7	106
Planutvalet		7	41	8	36	6	29
Klageutvalet		0	0	2	3	1	1
Valstyret		2	8	1	2	1	2
Administrasjonsutvalet		8	44	8	41	6	45
Arbeidsmiljøutvalet		4	25	5	31	4	20
Kontrollutvalet		4	24	5	29	5	35
Ungdomsrådet		4	20	6	30	7	33
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		4	24	4	34	6	37



Kommunestyret 2015-2019 (Første rekke utgjer Formannskapet)

Bak f.v: Anne Tone Aanby (SP), Britt Halvorsen Ufsvatn (AP), Viggo Hansen (KrF), Dag Halvorsen (AP), Olav Eppeland Føreland (SP), Tobias Wessel-Hansen Tangen (H), Sveinung Seljås (KrF), Jørund Smeland (SP), John Helge Lien (AP) og Anja Mogensen Mølmen (AP).

Framme f.v: Tellef Olstad (SP), Hilde Hansen Smeland (AP), Margit Smeland (SP), Reidar Saga (AP), Kari-Anne Håland Moe (AP), Bjørn Gunnar Baas (SP) og Hans Fredrik Tangen (H).

1.4.3 ØKONOMISK RESULTAT

Driftsbudsjett 2017 for kommunestyre, formannskap m.m., andre utvalg, stortingsval, ungdomsråd, kontrollutvalg og lokal partistøtte blei vedteke med ei ramme på totalt 2.341.449,- kr.

Rekneskapstal for 2017 syner eit mindreforbruk på 108.359,- kr. totalt for desse tenestene, dvs. 4,6%.

1.4.4 VEDTAK FATTA I KOMMUNESTYRET 2016, MED STATUS UNDER BEHANDLING (UB)

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg avdeling	Status	UB	AV
16/24	31.03.2016	Behandling av klage på vedtak i sak 15/153 - søknad om endra konsesjonsvilkår gnr 22 bnr 1 i Åmli kommune	SAMF			X
16/92	22.09.2016	Forprosjekt for ny veg fv. 415 Storbra – kryss Nelaug – fv. 42 Frolandsveien - Arendal og opprusting fv. 415 Storbra – Stornes/Nes Verk	SAMF			X
16/95	22.09.2016	Bedre levekår blant barn og unge i Åmli kommune - Strategiplan 2017-2020	STAB	Behandla på ny 27.10.2016		X
16/153	15.12.2016	Plan for bosetting og integrering av flyktninger og innvandrere i Åmli kommune 2017-2021. Utvalgssammensetning og mandat.	OPPV			X
16/155	15.12.2016	Varslingssystem Åmli skule	OPPV			X
16/156	15.12.2016	Reduksjon av institusjonsplasser - Helse og velferd	HEVE			X
16/157	15.12.2016	Utvila kostnadsramme for nye omsorgsbustader.	HEVE	Ny ramme vedtatt		X
16/162	15.12.2016	Rehabilitering ventilasjonsanlegg Åmli Renseanlegg.	SAMF		X	
16/163	15.12.2016	Ny hovedvannsledning Børtinghus. Åmli sentrum.	SAMF		X	
16/164	15.12.2016	Nytt høydebasseng Børtinghus. Åmli sentrum.	SAMF		X	
16/165	15.12.2016	Permanent draktutstilling på Elvarheim museum	SAMF			X
16/166	15.12.2016	Sykkelveg mellom Åmli og Treungen	SAMF	Kontrahert entrepenør	X	

1.4.5 STAUS PÅ VEDTAK FATTA I KOMMUNESTYRET 2017

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
17/1	16.02.2017	Godkjenning av protokoll fra forrige møte			
17/2	16.02.2017	Orientering			
17/3	16.02.2017	Referatsaker			
17/4	16.02.2017	Delegerete vedtak			
17/5	16.02.2017	Innføring av frukost og lunsjtilbod i skulen	OPPV	X	
17/6	16.02.2017	Utbedring av skolekjøkkenet ved Åmli skule	OPPV		X
17/7	16.02.2017	Rammeplan for kulturskulen	OPPV		X
17/8	16.02.2017	Oppretting av stilling som kommunepsykolog	HARE		X
17/9	16.02.2017	Konsesjonssøknad Stornes gnr. 58 bnr. 3 - Dag Angell Strand.	SAMF		X
17/10	16.02.2017	Kommunal Planstrategi 2016-2019	SAMF		X
17/11	16.02.2017	Oppnevning av nye representanter til sameiermøtet og styremedlemmer til eierskjonssameiet Åmli Rådhus / CSV forretningsbygg.	SAMF		X
17/12	16.02.2017	Kommunens prioriteringer av søknader - nasjonalt tilskuddsordning mot barnefattigdom 2017	STAB		X
17/13	16.02.2017	Revisjon av reglement for godtgjørelse til kommunale folkevalgte	STAB		X
17/14	16.02.2017	Vurdering av tre som byggematerialer i alle fremtidige kommunale bygg	RÅD		X
17/15	16.02.2017	Eierskapsmelding for Åmli kommune	RÅD		X
17/16	16.02.2017	Utbrygging av felles krematorium	RÅD		X
17/17	16.02.2017	Melding til kommunestyret			
17/18	16.02.2017	Spørsmål og svar			
17/19	30.03.2017	Godkjenning av protokoll fra forrige møte			
17/20	30.03.2017	Orientering			
17/21	30.03.2017	Referatsaker			
17/22	30.03.2017	Delegerete vedtak			

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
17/23	30.03.2017	Skolerute for 2017/2018	OPPV		X
17/24	30.03.2017	Gratis SFO i kjernetiden	OPPV		X
17/25	30.03.2017	Tilsetting av prosjekteilar til arbeid med framtidig bruk av Åmli vidaregåande skule	OPPV		X
17/26	30.03.2017	Etablering av forpliktende interkommunalt samarbeid om finansiering av spesialisthjemler for fysioterapeuter	HEVE		X
17/27	30.03.2017	Søknad om konsesjon Måmoen gnr 44 bnr 11 - Anny Myhren	SAMF		X
17/28	30.03.2017	Konsesjonssøknad Gjøvland gnr. 36 bnr. 4 og 5 - Johannes Helgesen	SAMF		X
17/29	30.03.2017	Konsesjonssøknad Mjåvasstøy gnr. 62 bnr. 6 - Bjørn E. Bjalkevik.	SAMF		X
17/30	30.03.2017	Søknad om kjøp av tilleggsareal fra kommunal grunn gnr 41 bnr 76 til gnr 41 bnr 123 og gnr 41 bnr 140.	SAMF		X
17/31	30.03.2017	Aksjeinnskudd til regionalt tomteutviklingsselskap på Jordøya, Åmli Næringspark	SAMF		X
17/32	30.03.2017	Videre arbeid med Vannområda	SAMF		X
17/33	30.03.2017	Utsetting av arbeid med kulturminneplan for Åmli kommune	SAMF	Iverksatt	X
17/34	30.03.2017	Melding til kommunestyret			
17/35	30.03.2017	Spørsmål og svar			
17/36	27.04.2017	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
17/37	27.04.2017	Orientering			
17/38	27.04.2017	Referatsaker			
17/39	27.04.2017	Delegerete vedtak			
17/40	27.04.2017	Konsesjonssak Åmland gnr 22 bnr 1 Birte Nilsen - tilbaketrekkning av konsesjon med pålegg om vidaresal	SAMF		X
17/41	27.04.2017	Lekeplass Engenes Boligfelt	SAMF	Utsatt	
17/42	27.04.2017	Opprettelse av barnehagetilbud på Selåsvatn	OPPV		X
17/43	27.04.2017	Oppgradering av utearealet i Beverborga barnehage	OPPV	X	
17/44	27.04.2017	Flagging fra kommunale bygg på offisielle flaggdager	STAB		X
17/45	27.04.2017	Ad-hoc utvalgets forslag til nytt delegasjonsreglement	STAB		X
17/46	27.04.2017	Lokalt trepartssamarbeid	RÅD		X
17/47	27.04.2017	NVE's innstilling - endring konsesjonsvilkår for utbygging av Kilandsfoss - merknader.	SAMF		X
17/48	27.04.2017	Spørsmål og svar			
17/49	22.06.2017	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
17/50	22.06.2017	Referatsaker			
17/51	22.06.2017	Delegerete vedtak			
17/52	22.06.2017	Kommunalt tilskot til nydyrkning - godkjenning av regelverk og bruk av kraftfondsmidlar	SAMF		X
17/53	22.06.2017	Reguleringsplan Søndre Håkedalsvatn - Godkjenning av Plan	SAMF		X
17/54	22.06.2017	Rehabilitering av to-mannsbolig på Nelaug gnr. 57, bnr 92	SAMF		X
17/55	22.06.2017	Fornybar energi bygningsmasse sentrum/skuleområdet	SAMF		Intensjonsavtale inngått
17/56	22.06.2017	Salg av aksjer i Åmli Verkstedbygg AS	SAMF		X
17/57	22.06.2017	Organisering av planleggingsdager i Åmli kommunale barnehager	OPPV		X
17/58	22.06.2017	Etablering av faste rammer for samarbeidet mellom Utviklingsenteret for sykehjem og hjemmetjenester i Aust-Agder og Østre Agder	HEVE		X
17/59	22.06.2017	Hjemmebaserte tjenester - behov for å flytte bemanning over til hjemmebaserte- fra institusjonsbaserte tjenester ved reduksjon av institusjonsplasser	HEVE		X
17/60	22.06.2017	Tilgjengelighet ved Åmli legekontor	HEVE		X

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
17/61	22.06.2017	Ekspedisjonstid og åpningstid for rådhuset i juli	STAB		X
17/62	22.06.2017	TV-aksjonen 2017 - Oppretting av kommunekomite og støtte	STAB		X
17/63	22.06.2017	Skjærereiret - skjenkebevilling	STAB		X
17/64	22.06.2017	Revisjon av gjeldende permisjonsreglement	STAB		X
17/65	22.06.2017	Tilsettingsreglement for Åmli kommune	STAB		X
17/66	22.06.2017	Revisjon av retningslinjer for nedbemanning	STAB		X
17/67	22.06.2017	Kommunal støtte til folkevalgte grupper i kommunestyret	STAB		X
17/68	22.06.2017	Rapport forvaltningsrevisjon - Barnevernstjenesten Øst i Agder	RÅD		X
17/69	22.06.2017	Godkjenning av Åmli kommune si årsmelding 2016	STAB		X
17/70	22.06.2017	Godkjenning av rekneskaper for Åmli kommune 2016	STAB		X
17/71	22.06.2017	Budsjettpregulering pr. mai 2017	STAB		X
17/72	22.06.2017	Rådmannens forslag til strukturelle endringer 2017	RÅD		X
17/73	22.06.2017	Melding til kommunestyret			
17/74	22.06.2017	Spørsmål og svar			
17/75	21.09.2017	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
17/76	21.09.2017	Orientering			
17/77	21.09.2017	Referatsaker			
17/78	21.09.2017	Delegerete vedtak			
17/79	21.09.2017	Organisering og form av framtidige skuleturar i 10. klasse ved Åmli skule	OPPV		X
17/80	21.09.2017	Opprettelse av fast LOS-stilling i Åmli kommune	OPPV		X
17/81	21.09.2017	Godkjenning av Plan for bosetting og integrering av flyktninger og innvandrere i Åmli	OPPV		X
17/82	21.09.2017	Forskrift om forvaltning av bever i Åmli kommune.	SAMF		X
17/83	21.09.2017	Søknad om at Beråsveien tas opp som kommunal vei.	SAMF		X
17/84	21.09.2017	Tilleggsbevilgning for finansiere gjennomføring av VVA Børtinghus - Åmli sentrum.	SAMF		X
17/85	21.09.2017	Kompensasjon for dårlig drikkevannskvalitet - Nelaug Vannverk.	SAMF		X
17/86	21.09.2017	Finansiering av opparbeidelse av tomter og infrastruktur på Engenes Næringspark	SAMF	Vedtatt	X
17/87	21.09.2017	Utvidelse av markedsføringsprosjektet Nelaug	SAMF	Utsatt	
17/88	21.09.2017	Det interkommunale samarbeidet Telemarksvegen. Godkjenning av vedtekter for samarbeidsordninga.	SAMF		X
17/89	21.09.2017	Rammebetingelser for etablering av biozinfabrikk - eiendomsskatt	SAMF		X
17/90	21.09.2017	Universell utforming Elvarheim	SAMF		X
17/91	21.09.2017	Forskrift om rett til opphold i sykehjem - kriterier og venteliste, Åmli kommune	HEVE		X
17/92	21.09.2017	NAV Åmli- åpningstider uten timeavtale	HARE	X	
17/93	21.09.2017	Plan for prosjekt Heltidskultur i Åmli kommune	STAB	Utsett til budsjettmøtet	
17/94	21.09.2017	Revidering av finansreglement for Åmli kommune	STAB		X
17/95	21.09.2017	Spørsmål og svar			
17/96	26.10.2017	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
17/97	26.10.2017	Orientering			
17/98	26.10.2017	Referatsaker			
17/99	26.10.2017	Delegerete vedtak			
17/100	26.10.2017	Etablering av ny felles IKT-virksomhet ved sammenslutning av IKT Agder og DDØ	STAB		X

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
17/101	26.10.2017	Kommunale avgifter og gebyrer - vurdering av betalingsterminer	SAMF	Iverksatt	X
17/102	26.10.2017	Ny vurdering av ansettelse av kirkegårdsarbeideren i Samfunn	SAMF		X
17/103	26.10.2017	Plan for rehabilitering og habilitering i Åmli kommune 2018-2022	STAB		X
17/104	26.10.2017	Kommunale vigslor som følge av endringer i ekteskapsloven – retningslinjer	STAB		X
17/105	26.10.2017	Permisjon fra politiske verv i tiden 26.10.2017 - 15.09.2018	STAB		X
17/106	26.10.2017	Reaksjon etter skjenkekонтroll - Sigridnes Aktivitet AS	STAB		X
17/107	26.10.2017	Budsjettpregulering pr. august 2017	STAB		X
17/108	26.10.2017	Spørsmål og svar			
17/109	23.11.2017	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
17/110	23.11.2017	Orientering			
17/111	23.11.2017	Referatsaker			
17/112	23.11.2017	Delegerete vedtak			
17/113	23.11.2017	Godkjenning av plan for utvikling av folkehelse og levekår i Åmli	STAB		X
17/114	23.11.2017	Tilstandsrapport Åmli skule 2017	OPPV		X
17/115	23.11.2017	Støtte til anmodning om at Eydehavn terminal, Arendal får status som stamnethavn	STAB		X
17/116	23.11.2017	Saker fra kontrollutvalget til kommunestyre	RÅD	X	
17/117	23.11.2017	Melding til kommunestyret			
17/118	23.11.2017	Spørsmål og svar			
17/119	14.12.2017	Godkjenning av protokoll frå forrige møte			
17/120	14.12.2017	Referatsaker			
17/121	14.12.2017	Delegerete vedtak			
17/122	14.12.2017	Godkjenning av møteplan for politiske møter i 2018	SAMF		X
17/123	14.12.2017	Forespørsel om å utvide administrasjonsutvalget med 1 representant/TV fra Universitets- og høyskolegruppene	STAB		X
17/124	14.12.2017	Universell utforming Elvarheim	SAMF	Avslått	X
17/125	14.12.2017	Deponering av elektronisk arkiv og tabelluttrekk	STAB		X
17/126	14.12.2017	Prosjekt for Heltidskultur i Åmli kommune	STAB		X
17/127	14.12.2017	Utvidelse av stilling som folkehelsekoordinator fra 20% til 40% stilling	STAB		X
17/128	14.12.2017	Vaksenopplæringa - reduksjon i planperioden 2018 - 2021	OPPV		X
17/129	14.12.2017	Opprettelse av fast LOS-stilling i Åmli kommune	OPPV		X
17/130	14.12.2017	Villreinprosjekt i Setesdal Austhei 2018-2022 - medfinansiering.	SAMF	X	
17/131	14.12.2017	Tilleggsbevilgning turveg med sykkelstandard Åmli-Nissedal grense	SAMF	Innvilget	
17/132	14.12.2017	Rullering av handlingsprogram i plan for idrett og fysisk aktivitet 2018-2020	SAMF	Iverksatt	X
17/133	14.12.2017	Spelemidlar 2018 - prioritering frå Åmli kommune	SAMF	Iverksatt	X
17/134	14.12.2017	Utarbeidelse av kommuneplan 2019 - 2031	SAMF	Vedtatt	
17/135	14.12.2017	Utvidelse av markedsføringsprosjektet Nelaug	SAMF	Avslått	X
17/136	14.12.2017	Budsjettpregulering etter avsluttet LEA - Lean-prosjekt Drifts- og vedlikeholdsteamet	SAMF	Utsatt	
17/137	14.12.2017	Områdeplan Simonstad - Mulighetsstudie for nye næringsarealer	SAMF	X	
17/138	14.12.2017	Forprosjekt råvannsinntak Nelaug vannverk	SAMF	X	
17/139	14.12.2017	Rehabilitering av ÅPOS i henhold til vedlikeholdsplan	SAMF	X	
17/140	14.12.2017	Gebyrregulativer for byggesaksbehandling mv for 2018	SAMF		X
17/141	14.12.2017	Gebyr for renovasjon 2018	SAMF		X
17/142	14.12.2017	Gebyr for feiertjenesten 2018.	SAMF		X

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avtak
17/143	14.12.2017	Gebyr for vann og avløp 2018	SAMF		X
17/144	14.12.2017	Opprettning av fast stilling innen kommunalt rusarbeid fra 1.1.2018	HARE		X
17/145	14.12.2017	Eigedomsskatt i Åmli kommune for skatteåret 2018	STAB		X
17/146	14.12.2017	Fastsetting av skatteprosent på inntekt og formue for 2018	STAB		X
17/147	14.12.2017	Handlingsprogram og økonomiplan 2018-2021 - årsbudsjett 2018	STAB		X
17/148	14.12.2017	Spørsmål og svar			

1.4.6 TILTAKSOVERSIKT MED STATUS

Nr.	TILTAK	UNDER BEHANDLING	AVSLUTTA
Rådmannens stab			
1	Strukturelle endringer Åmli kommune		X
2	IKT investeringer		X
3	Avsett til tiltak strategiplan «Tidlig innsats og trygg oppvekst»		X
5	Valg storting/kommune		X
Enhet for oppvekst			
7	Redusert bruk av integreringstilskot i tenesteproduksjonen		X
8	Styrking i barnehage §19 i bhg. Lov		X
10	Utviding helsesøsterstilling 10 % BTI pluss frikjøp		X
11	Varslingssystem Åmli skule		X
13	Kantinedrift for skulane	X	
14	Ferdagars skuleveke for 1. og 2. klasse		X
Enhet for helse og velferd			
17	Reduksjon 5 institusjonsplassar 3,2 årsverk		X
18	Tryggleiksteknologi		X
Enhet for habilitering og ressurs			
19	Ny bruker 1		X
20	Ny bruker 2		X
21	Redusert inntekt ressurskrevjande brukar		X
23	Frivilligsentral		X
Enhet for samfunn			
24	Konsesjonskraftinntekter		X
25	Markedsføring av ÅVGS		X
26	Åmlihallen - bortfall av leigeinntekt	X	
27	Tiltak etter trafikksikringsplanen		X
28	Gebryrake byggesak		X
30	Utvila kostnadsramme omsorgsbustader		X
31	Nytt ledningsanlegg Børtinghus	X	
32	Nytt Høgdebasseng Børtinghus	Utsatt 2019	

Nr.	TILTAK	UNDER BEHANDLING	AVSLUTTA
33	Radonsanering kommunale bygg	X	
34	Trykkekostnader bygdebok	X	
35	Draktutstilling Elvarheim museum	X	
38	Tur og sykkelløype Åmli-Treungen	X	
40	Nærmiljøanlegg Åmli skule	X	
42	ÅPOS - takoverbygg 2.etg.	X	
43	Reparasjon av forstørningsmur Åmli sentrum	X	
44	Gatelys oppgradering		X
45	Rehabilitering ventilasjonsanlegg Åmli RA	X	
46	Rehabilitering kommunal leilighet		X
47	Maling av kommunale bygninger	X	
48	Inngangsparti SFO		X
49	Kjøkken til heimesjukepleia		X
Kirkelig fellesråd			
50	Brann og innbrotssikring Åmli, Tovdal og Gjøvdal kyrkjer		X
Skatt, overføringer, renter og avdrag			
54	Investeringskompensasjon R97		X
55	Kompensasjonstilskot Husbanken		X
56	Renter og avdrag på lån		X
57	Realvekst rammetilskot 1%		X
K	Budsjettforlik statsbudsjettet		X
K	Endra distriktsindeks		X
K	Til disposisjon – avsett fond		X

1.5 Rådmannens stab

1.5.1 ORGANISERING

Tenesteområdet omfattar dei sentrale støtte- og stabsfunksjonane.

Dette omfattar mellom anna politisk sekretariat, valarbeid, informasjons- og arkivteneste, heimeside, facebook og ansattportalen, økonomiforvaltning, personaladministrasjon, overordna HMSK/internkontroll og beredskapsarbeid, IKT, sal- og skjenkesaker etter alkohollova og saker etter serveringslova m.m.

Folkehelsekoordinator er også i rådmannens stab. Hausten 2017 ble prosjektleiar for tidlig innsats og trygg oppvekst lagt under Oppvekst..

1.5.2 OVERORDNA MÅL

Rådmannen sin stab skal på overordna nivå bidra til at einingene når sine mål i høve til økonomistyring og koordinering, personalpolitikk, HMSK og beredskapsarbeid og mellom anna at kommunen har på plass system i høve til arkivlova. Elles at kommunen følgjer opp krav i lov og forskrift på dei same områda.

Overordna mål er ivaretatt i 2017.

1.5.3 FOKUSOMRÅDE

Fokusområda lista opp under er ivaretatt i 2017. Sjå også kommentarar under dei einskilde punkt.

Det er også gjort eit stort arbeid på revisjon av reglement og retningsliner innanfor personalområdet i 2017.

Viktige fokusområde i 2017 har vore:

- Nærvær/sjukefråversoppfølging
- Prosjekt i høve til «Trygg oppvekst og tidleg innsats»
- Stortingsval
- Revisjon av reglement og retningsliner
- Ny plan for folkehelse og levekår
- Opplæring i HMSK og avvikshåndtering (QM+)
- Informasjonstryggleik
- Sommarjobb for skuleungdom

Fleire av fokusområda som er nemnt ovanfor er kommentert i kapitel om «Kommunen som verksemd» då dette er fokusområde som gjeld heile eller ein større del av kommunen.

- Koordinering av overordna økonomioppgåver som rekneskapsavslutning, budsjettprosessen (årsbudsjett og økonomiplan) og budsjettregulering.
Dette er viktig og store prosessar for å sikre at Åmli kommune har god økonomistyring. Arbeidet koordinerast av økonomisjefen
- Koordinere og gjennomføre årlege lønsforhandlinger og drøftingar/forhandlingar innan personalområdet med unntak av leiarforhandlingar (HTA kap. 3)
Koordinerast av leiar for rådmannens stab og rådmann
- Ros analyser i alle einingar.
HMSK/beredskapsrådgjevar har laga malar og bistått einingane. Det er framleis nokon einingar som ikkje har gjennomført dette.
- Nye beredskapsplanar i alle einingane etter omorganisering. HMSK/beredskapsrådgjevar har laga malar og bistått einingane. Dette er på plass i nesten alle einingane.
- Ajourføre og lage nye reglement og retningslinjer innanfor personalområdet
- Digitaliseringsstrategi i regi av DDØ. Her har fleire tilsette i rådmannens stab vore med i prosjektgrupper og levert viktige bidrag til arbeidet med ny digitaliseringsstrategi
- Utarbeide oversikter på kommunen sine helseutfordringar
Kommunen skal ha «oversikt over helsetilstanden i befolkningen og faktorer som kan virke positivt og negativt på denne», jf. Folkehelselova § 5.
Ny overordna plan for folkehelse og levekår er laga og vedteke i 2017

1.5.4 ØKONOMI

Driftsbudsjett for rådmannen sin stab blei vedteke med ei ramme på totalt 18.059.173,- kr.

Totalt er det eit mindreforbruk på 1.345.264,-.

1.6 Samfunn

1.6.1 ORGANISERING

Samfunn er i hovudsak organisert i team. Reinholdsteamet, Drifts- og vedlikehaldsteamet, Ingeniørteamet og Rådgjevarteamet. Ingeniørteamet omfattar kart- og oppmåling, plan- og byggesak, senioringeniør tekniske fag og prosjektleder bygg. Rådgjevarteamet består av kulturrådgjevar, landbruksrådgjevarane og næringsrådgjevar. I tillegg ligg Biblioteket og Bygdebokforfattar til Samfunn.

1.6.2 FOKUSOMRÅDE 2017

Administrativt

Fokus har vore på gjennomføringa av lean-prosjektet LEA (Lettere Enklere Arbeidsdag) i Drifts- og vedlikehaldsteamet (Dv-teamet). Målet for prosjektet var å forbetre arbeidsrutiner, fjerne plunder og heft og få til eit enda betre samarbeid i teamet og med tenestemottakarane. I løpet av året viste det seg eit behov for to underprosjekt av LEA - eit coaching/leiarutviklingsprosjekt og eit coaching-prosjekt for dei tilsette i Dv-teamet.

Hovudprosjektet og dei to underprosjekta blir vidareført i 2018.

Rom blei ikkje bygd på ein dag og ein har jobba vidare med informasjonsflyten på tvers av teama og med møtestrukturar i Samfunn etter omorganiseringa 1.1.16. Informasjonsflyten mellom dei ulike fagområda har blitt betre.

Ein har landa på 2 samlingar årleg for alle tilsette i Samfunn – før sommarferien og før jul, noko som fungerer greitt. Dei ulike teama har stort sett eit møte i månaden. Rådgjevar- og Ingeniørteamet har fellesmøte den eine månaden og separate møter den neste for å sikre flyten av informasjon i dei større prosjekta.



Reinhold

Golvbehandlingsprosjekt som blei planlagt i 2016 blei gjennomført for fullt frå januar 2017 og med eit veldig godt resultat. Ein stillingsprosent på ein dag pr veke er sett av til maskinkjøring av golv på Åmli skule, dette resulterer i eit reinare innemiljø og lettare fysisk arbeid for reinholdarane. Vi sparer reingjeringsmidlar og arbeid i forhold til det vi kallar oppskuring (fjerning av bon).

Teknisk fagområde

Det har vore i alt 5 vannlekkasjer på det kommunale vannledningsnett i 2017. Det er forholdsvis mange. Eit alvorleg havari på vannverket på Nelaug resulterte i 4 veke med kokepåbod for den kommunale drikkevannsforsyninga.

Eit ledningsstrek i Åmli sentrum på 265 meter med mange lekkasjer pga gammel asbestementledning er skifta ut.

Delar av Mjålandsvegen i Gjøvdal fekk ny asfalt i 2017. I tillegg blei det utført nødvendig lapping av asfaltdekke på kommunale vegar i Åmli sentrum.

Gatelysa i Nergardskleiva i Åmli sentrum fekk nye LED – armaturer og straumkabel. Det blei også sett opp lyspunkt i Stallgata og gjennom det ny opparbeidde bustadfeltet i Nergarden.

Alle kommunale veglysarmaturer som inneheldt kvikksølv blei skifta ut med nye LED-armaturer. Åmli kommune har dermed oppfylt pålegget fra miljøvernstyresmaktene.

Tiltaket i Trafikksikringsplanen som blei gjennomført i 2017 var veglys gjennom det kommunale bustadfeltet på Dølemo.

Teknisk vakt og Drifts- og vedlikeholdsteamet var viktige bidragsytarar under handtering av flaumen i månadsskiftet september/oktober då dei kommunale vegane til Sigridnes og Skjeggedal ble stengt.

Plan- og byggesak

Har jobba med vedlikehaldsplan for kommunale bygg i 2017 – dette arbeidet blir vidareført i 2018. I tillegg til dei ordinære plan- og byggesakene har tida gått til mindre byggeprosjekt på kommunale bygningar som nytt skolekjøkken, bytte av kledning på tomannsbolig på Nelaug, oppussing av leilighet i Åhuskleiva 39, delar av ÅPOS blei måla, etablering av ny barnehage på Selåsvatn, uteområdet i Beverborga, området rundt inngangspartiet på SFO er rusta opp og det er rydda skog på leikeområde på Engenes.

Kommunale byggeprosjekter

Negarden bustadfelt.

Det regulerte området «Negarden bustadfelt» er bygd ut med veg, vatn og avløpsanlegg, straum og tele / fiber. Området er regulert og tilrettelagt for konsentrerte småhus med i alt 36 bueiningar. Det er samstundes bygt nytt hovedanlegg for vatn og avløp og bygd nytt fortau og veglys i del av Negardskleiva.

Totalentreprenør Gauslå & Sønner AS, Arendal.
Veglys levert av Nettpartner.

Kostnadsramme totalt 5,4 mill. kroner.

Omsorgsbustader Århuskleiva.

Det gamle helsehuset og seinere kontorbygg for teknisk etat er rive og bygging av 6 nye omsorgsbustader og lager for hjelpemiddel igangsett. Blir ferdigstilt våren 2018.

Totalentreprenør Wari-Hus AS, Grimstad.

Kostnadsramme totalt 22 mill kroner.



Over: Omsorgsbustadene under bygging og nesten ferdige

Timmerodden boliger.

Det er ferdigstilt 2 nye PU bustader og ny carport for Timmerodden bufellesskap.

Området er med det fullt utbygd med i alt 10 bustader og fellesbygg.

Totalentreprenør siste utbygging Åmli Totalbygg AS, Åmli.

Kostnadsramme totalt kr.5,5 mill kroner.

Kart- og oppmåling

Etter storflaumen i Tovdalsvassdraget i oktober 2017 sendte NVE ut ein mail til kommunane med oppfordring om at arbeidet med registrering av flaumhøgder ble prioritert. Ein har jobba med dette og basert på observasjonar av synlige merke i terrenget blei flaumhøgde og posisjon innmålt med GPS. Basert på målte høgder og høgdekoter ble flaumsonekartet konstruert inn i kommunens kartløysing (GISline). Kartet dekker området frå og med Bås til og med Austenå. Arbeidet blir vidareført i 2018. Kartet vil vere tilgjengelig for alle brukarar av kommunens kartløysing. Bruksområdet vil vere byggesak, landbruk og arealbruk generelt.

Skogbruk

Det er god balanse mellom investeringar i skogkultur/skogsbilvegar og uttak av tømmer. Ungskogpleie vart utført på litt over 3000 dekar. Ombygging av bilvegar vart utført på vel 9 km (til samanlikning er stipulert behov for ombygging ca 150 km). Avvirkninga endte på 76000 m³, det høgaste uttaket av tømmer i løpet av 1 år nokon gong. Åmli toppa lista blant kommunane i fylket når det gjeld ungskogpleie og ombygging av vegar. På avvirkning låg Froland 4000 m³ høgare enn Åmli.

Åpning av massetak fleire stader i kommunen i løpet av siste året sikrar tilgang på korreist knust sortert fjell til bygging og vedlikehald av landbruksvegar, både eigne anlegg og landbruksvegar i tilgrensande område. I tillegg er både kompetanse og kapasitet innan vegplanlegging styrka. Det siste har vore eit etterlengta sakn i lang, lang tid.

Kommunen har i fleire år lagt til rette kurs for elevar som ønsker å ta skogbruk som valfag. I 2017 var det ein stor andel jenter i 10. klasse som valte skogbruksopplæring. Det er bra for næringa og skogfagleg miljø.

På sikt er det eit nasjonalt mål at 10 % av arealet skal vernast. I Åmli har frivillig vern av skog fått eit slikt omfang at det nasjonale målet er nådd på kort sikt.. Frå politisk hold lokalt, er det i fleire høve reagert utan at det har påverka utfallet i vernesaker til nå. Uroa er knytt til at dette vil få følgjer for råstoff-forsyning også til lokal foredlingssindustri og verdiskaping som ligg i dette.

Jordbruk

389 da ble godkjent for nydyrkning i 2017 - fordelt på 12 gardsbruk og det blei innført kommunalt tilskot til nydyrkning for perioden 2017-2019

Det blei innvilga investeringsstøtte frå Innovasjon Norge (totalt 1 480 000,-) til 3 driftsbygningar for



kjøttproduksjon av storfe, herav 1 ny bygning og 2 oppgraderingar/utviding i tillegg 1 driftsbygning til sau som var oppgradering ved generasjonsskifte.

Over: Nydyrkning

Reiseliv

Det blei arrangert ein dag med brosjyrebytte og informasjonsmøte med handels- og reiselivsnæringa på fôrsommaren. Det blei og innført tilskot til nærbutikkane kr 10.000 pr butikk pr år for funksjonen som «turistinformasjon».

Det interkommunale samarbeidet, Telemarksvegen, vart organisert etter kommunelova § 27.

Det ble jobba med Felles marknadsføringstiltak for dei 36 medlemsbedriftene i Telemarksvegen.

Næringsareal

Det er gjennomført idémøte, tenketankmøte og workshop i samsvar med tiltak i næringsplanen. I tillegg til dei ordinære bedriftsbesøka der kommunens næringsapparat besøker ulike bedrifter, er det gjennomført 11 bedriftsbesøk der ordførar, rådmann, næringsrådgjevar og leiar Samfunn har deltatt.

Næringsarealet på Hegna har blitt rydda. Det gamle treskuret er rive og kommunen har fått eit flott, «nytt» næringsareal.

Infrastruktur

Plan for utbetring av delstrekningar av Fv 415 Simonstad-Fiansvingen blei vedtatt av Fylkestinget. Kostnadsramme 280 mill kroner.

Næringsutvikling

Jordøya Tomteutvikling AS blei stifta med 8 kommunar som aksjonærar og med ein aksjekapital på NOK 14 777 000 for opparbeiding av tomt på Jordøya til Biozin AS.

9 bedrifter fikk til saman kr. 718 500 i tilskot fra Regionalt Næringsfond for Østregionen, herav 6 nytableringar. 3 bedrifter (utanom landbruk) har fått til saman kr. 6 250 000 i tilskot fra Innovasjon Norge, av dette kr. 4 850 000 til Biozin Holding AS.

Kommunestyret vedtok å sette i gang ein mulighetsstudie for nye næringsareal på Simonstad. Målet er å regulere areala som er best eigna.

Kultur

Åmli bibliotek fekk i 2017 prosjektmiddel frå Nasjonalbiblioteket. Prosjektet var eit samarbeid mellom biblioteka i Bygland, Nissedal og Åmli. Vi brukte eigne krefter til litteraturformidling hos oss sjølve og hos kvarandre. Det blir ekstra arbeid, men også inspirasjon, samarbeid med gode kolleger og vellykka arrangement.



Sommarutstillinga på Elvarheim handla om bær og særleg blåbæreksporten til England i mellomkrigstida. Bæra blei sendt med tog til Arendal og båt til Newcastle. I Gjøvdal kommune (den gongen) tilsvarte inntektene frå bæreksporten omtrent eit heilt kommunebudsjett. Dei fleste skuleklassene og barnehagane i Åmli var innom bærutstillinga, og fekk m.a. lære å flette bærkorger. Utstillinga blei så godt mottatt at ho er gjort permanent, og flytta inn i rommet mellom fuglerommet og bjørnerommet på Elvarheim. Det blei også publisert fagartiklar om temaet.

I samarbeid med prosjektet «Tidlig innsats for trygg oppvekst» har alle barn i Åmli frå 5.-7. klasse og 1.-4. klasse fått tilbod om ein gratis fritidsaktivitet. Fritidsaktivitetar er ein viktig inkluderingsarena for barn og unge. Mange valte idrett, ein del motorsport og de fleste valte kulturskulen. Kulturskulen har dobla elevtalet frå 52 til 106 elevar frå 2016-2017.

8. august kom NRK Sommertoget til Nelaug stasjon. Åmli kommune laga folkefest frå toget kom kl. 14.18 og fram til direktesendt TV-underhaldning i Sommeråpent kl. 21.30. Arrangementet blei ein suksess med over 600 deltagarar. Det blei lagt ned eit stort arbeid frå kommunen i samarbeid med lag og organisasjonar i forhold til sikkerheit, beredskap, trafikkavvikling og logistikk.

1.6.3 ØKONOMI


Samfunn hadde eit revidert budsjett i 2017 på kr 26 715 144,- Regnskapet for 2017 viser eit forbruk på kr 26 681 231,- eit positivt avvik på 33 913,- som utgjer 0,13 % av totalen – eit mykje godt resultat.

Budsjettet var ei vidareføring av drifta i 2016.

Det vesle overskotet er eit resultat av økonomisk styring med fokus på rapportering kvar månad frå tenesteområda. Nokre interne budsjettavvik er det, men ved å vere tett på har vi lykkast med å halde budsjettet.

1.7 Oppvekst

Oppveksteininga har oppgåver innan barnehage, skule, SFO, PP-tenesta, flyktingteneste, helsestasjon og skulehelsetenesta, jordmorteneste og interkommunalt barnevern. I tillegg vert det arbeidd med fleire tilhøyrande overordna prosjekt som til dømes Kompetanse for mangfold.



1.7.1 SKULEN

I 2017 har visjonen: "Ein god stad å være ein god stad å lære" blitt synleggjort med store skilt på skulen. Gjennom året har skulen arbeidd med opplæringsplanen som rettesnor.

I 2017 har skulen arbeidd med satsingsområda: KFM (kompetanse for mangfold) og klasseleiing. Skulen har gjennom året hatt hjelp frå eksterne kompetansemiljø.

Elevundersøkinga syner at arbeidet med læringsmiljø er krevjande, men den syner og god framgang på dei tiltaka som blei sett i verk i dei klassene der det var utfordringar med elevmiljøet. Det er ei målsetjing at noverande satsing på klasseleiing vil sikre kvaliteten i tida framover. Arbeid med læringsmiljøet både på skulen og gjennom desentralisert kompetanseutvikling i Øst-regionen vil vere sentralt for skulen i 2018.



Statistikkane viser at læringsresultata for Åmli ser ut til å stabilisere seg på eit høgare nivå enn tidlegare år.

Kommunen vil i 2018 arbeide med HBS. (helsefremjande barnehage og skule)

1.7.2 SFO

Det er god søking til SFO i Åmli: Det har vore stor deltaking på kulturkarusellen, eit gratistilbod i regi av kulturskulen. Det har blitt oppretta SFO-tilbod ved Mosberg barnehage. Det har og blitt sett større fokus på kosthald.



1.7.3 BARNEHAGE

Det var ved utgangen av 2017 17,6 stillingar i barnehagane. Det er ein auke på 3,3 stillingar etter oppstart av barnehagen på Selåsvatn. Det er endra ressursfordeling då ein har styrar på alle barnehagane.

I 2017 har barnehagane arbeidd med ulike tema kvar månad i tråd med rammeplanen.



Det har vore stor søknad til barnehagane. Det at Mosberg barnehage blei opna gjorde at alle som søkte fekk plass i barnehagane. Det har gjennom året vore ein del sjukefråver i Beverborga. Bedriftshelsetenesta vart kopla inn og per nå har ein gode indikasjonar på at fråveret er på veg ned.

1.7.4 ÅMLI PP-TENESTE

PP-tenesta har vore bemanna med leiar/rådgjevar i ei heil stilling. Arbeidet består av mykje utgreiing av lærevanskar, sosiale- og emosjonelle vanskar, lese- og skrevevanskar. Tenesta er sakkunnig instans, og skal gjere ei vurdering av retten til spesialundervisning i skulen samt spesialpedagogisk hjelp hjå born i barnehagen. Tenesta har i dag om lag 50 tilviste klientar i alle aldrar. Talet på barnehage- og skuleborn som får spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp held seg nokolunde stabilt.

Kommunen har betra rutinane for tilvising av born til PP-tenesta. Skjemaet for tilvising gir godt grunnlag for dei utgreiingar tenesta skal gjere. Det er utvikla eit godt system og gode samarbeidsforsa slik at kommunen kan setje i gang med dei rette tiltaka.



1.7.5 HELSESTASJONEN /JORDMORTENESTE

I 2017 vart det fødd 17 ungar , dette er ein nedgang med 13 frå 2016.

Åmli har og i 2017 hatt redusert tilbod til gravide, då jordmor slutta i jobben. Ny jordmor er på plass frå 1. januar 2018. Den kommunale delen av stillinga er auka til 33,33 %. Manglande ressursar har blitt fylgd opp av helsesøster og det har vore mogleg å ha kontakt med jordmor på telefon.

ABUP Spe- og småbarnsteam som kjem til Åmli to gonger i halvåret og elles ved behov.

Det har blitt arbeidd med nye nasjonalfaglege retningslinjer.

1.7.6 FLYKTNINGTENESTA

I 2017 vart det busett 7 flyktningar i kommunen. Det vart vedteke i strukturelle endringar at kommunen ikkje skulle ha tospråkleg assistent. Det har blitt brukt tolkeneste der kommunen har hatt behov for dette.

Stillinga som arbeidsleiar har vore særsviktig for god språk og arbeidstrening.

1.7.7 VAKSENOPPLÆRING FRAMANDSPRÅKLEGE

Vaksenopplæringa har i 2017 halde til på Åmli Vidaregåande Skule. Gjennom ein god samarbeidsavtale med den vidaregåande skulen har vi lokalitetar som i praksis har vore gratis for kommunen.

Vaksenopplæringa i Åmli har i 2017 hatt kurs i norsk og samfunnskunnskap for elever med rett og plikt til dette.

I 2017 var det 16 elever på vaksenopplæringa frå fire ulike nasjonar.

Det har vore tilsett 2,2 stillingar på vaksenopplæringa.

Vaksenopplæringa har hatt undervisning fem dagar i veka. Delar av gruppa har vore ute i norsk- og arbeidspraksis måndagar og tysdagar.

Det vart gjennomført norskprøver i mai og november. Samfunnskunnskapsprøva vart gjennomført i august.

1.7.8 UNGDOMSARBEIDAR

Ungdomsarbeidar har i store delar av året hatt permisjon i stillinga. I permisjonstida har oppgåvene mot elevane på Åmli Vidaregåande skule og uteleige av Oasen/hallen blitt utført av LOS-en. Kulturrådgjevar har vore sekretær for ungdomsrådet.

1.7.9 KULTURSKULEN

Åmli kulturskule har 1,3 årsverk fordelt på seks lærarar, i tillegg til rektor i 30 % stilling. Det blir undervist i musikk, dans og teater, og hausten 2017 blei det oppretta ei kunstgruppe for 1.-4. klasse, etter nokre års opphold pga. lærarmangel.

Elevtalet er dobla frå 52 elevar skuleåret 2015/16 til



106 elevar i 2016/17. Aukinga skuldast god rekruttering gjennom kulturkarusellen og tilbod om gratis fritidsaktivitet, samt stor interesse spesielt for dansegruppene. Ny rammeplan for kulturskulen blei vedteke i 2017, med nivådeling i breiddeprogram, grunnprogram og fordjupingsprogram, samt større krav til skuleeigar. Det blei starta opp eit tilbod med

musikkgruppe på dagsenteret ein gong i veka i 2017. Tilbodet er eit samarbeid mellom kulturskulen, tenesta for funksjonshemma, psykisk helse, Åmli pleie- og omsorgssenter og kyrkjekontoret.

1.7.10 ØKONOMI

Det har vore god økonomikontroll gjennom heile året. Vi har klart å budsjetttere i høve til forbruk totalt for eininga. Rekneskapen syner likevel at ein må vere påpasselege med å sikre god ressursutnyting i dei største verksemderområda. Eininga har arbeidd godt med å få inn eksterne prosjektmiddel.

1.8 Habilitering og ressurs

1.8.1 ORGANISERING

Habilitering og ressurs er organisert som ei eining bestående av tenesta for funksjonshemma, NAV kommunale tenester, psykisk helseteneste/ rus, dagcenter og Åmli Frivillig sentral.

2017 har vært eit år der habilitering og ressurs har utnytta ressursane godt for å oppnå gode faglige resultater. Prosjektmiddel i 2017 og tidlegare år som gradvis er trappa ned og kome inn i rammeoverføringane til kommunen, har blitt politisk vedteke som faste stillingar frå 2018 og vil gi mulighet til å styrke tjenesten og tilbudet i kommunen.

1.8.2 TENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA (Timmerodden Bufellesskap)

Tenesta for funksjonshemma har i 2017 hatt ei stabil utvikling og jobba mot at ny tenestemottakar skulle flytte inn høsten 2017.

Den planlagte overgangen fra kvilande til våken nattevakt blei igangsatt hausten 2017, dette for at dei 9 beboerne på Timmerodden bufellesskap skal ha ein trygg og stabil teneste på natta.

Tenesta har tatt imot 2 nye tenestemottakerar som har behov for omfattende tiltak, som ikkje var planlagt i 2017. Det har vore krevande å dekke opp stillingsheimlar med fagpersonell for å handtere dei nye utfordingane. Deltidsansatte har fått tilbod om å auke opp stillingsheimlane sine og det har kome inn nye stillingsheimlar.

Siste halvdel av 2017 har vore ein omstillingssprosess på fleire område, men dei ansatte i tenesta har handtert dette på ein god måte slik at det i liten grad har gått ut over det daglege tilbodet til tenestemottakerene.

Gjennom året har det vore tilrettelagt for aktivitets-tilbod både i veka og i ferier.



Timmerodden på tur til Tjørull i Nissedal

Carportar til beboerne på Timmerodden sine bilar stod ferdig i desember 2017.

Det jobbes heile tida for å utvikle gode tenester. Det er fortsatt samarbeid med habiliteringstenesta for voksne og andre aktuelle instanser og avdelinger.

1.8.3 NAV KOMMUNALE TENESTAR

NAV Åmli ønsker å fremme økonomisk og sosial tryggleik, betre levekår og forebygge sosiale problem. NAV har fokus på barnefamilier, flyktning og ungdom.

NAV gir økonomisk råd- og veiledning for å førebygge og løyse sosiale problem. I nokre tilfelle kan NAV tilby økonomistyring.

NAV har eit godt samarbeid med NAV Froland, barnevernstenesten, flyktningetenesten, avdeling for psykisk helse og rus, frivillig sentral, kommunelege og helsesøster.

NAV har i 2017 hatt fokus på å ta nødvendige valg for å styrke det kommunale tenestetilbodet. Hausten 2017 blei NAV Åmli delt mellom kommunale tenester og statlege tenester. Dei kommunale tenestene blei verande i Åmli og dei statlege tenestene blei flytta til Froland. Det er tre kommunalt ansatte ved NAV Åmli, fordelt på 2 årsverk. For å kunne møte den nye oppgavedelinga på ein god måte, blei åpningstida i veiledningssenteret ved NAV Åmli redusert fra fire til to dager i uken, tirsdag og torsdag fra kl.12.00-14.30. Tiltaket blei gjennomført for å få betre tid til nødvendige timeavtaler, større forutsigbarhet i åpnings-tider på veiledningssenteret og å få betre struktur på saksbehandling/ arbeidskvarden for de ansatte. Det har vi lykkes med, kontoret har til ei kvar tid halde ope veiledningssenter i tråd med nye åpningstider. I 2018 må det arbeides vidare med organisering av kontoret med bakgrunn i Meld. St.33 (2015-2016) NAV i en ny tid- for arbeid og aktivitet.

Det vil i 2018 kome fleire digitale løysningar innan kommunale tenester i NAV, noe NAV Åmli vil jobbe for å ta i bruk for å gjøre tenestene meir tilgjengeleg og effektivisere tidsbruken for tilsette.

I 2016 samarbeida eining for oppvekst, samfunn og habilitering og ressurs om å få oppretta ei 2 årig stilling som arbeidsleiar for ei arbeidsgruppe. Det førte til at kommunestyret vedtok å opprette ei to- årig stilling i 100 % ut 2018. Gjennom denne stillinga legg NAV til rette for lovpålagt aktivitet til dei mellom 18-30 år som har aktivitetsplikt etter § 20a i Lov om sosiale tenester i NAV. NAV kan også tilby aktivitet til dei over 30 år dersom det er aktuelt i ein overgangsfase til jobb eller annen ytelse. NAV stiller vilkår om aktivitet etter § 20 i Lov om sosiale tjenester i NAV. Ingen skal motta passive ytelser dersom det ikkje ligg helsemessige

årsaker til grunn for det. NAV har i 2017 lykkast med å stille krav til aktivitet på eit tidleg tidspunkt.

NAV Åmli ønsker å følge utviklingen ved å sjå på og ta i bruk elektroniske løysningar for å betre tenestene ytterligare i 2018.

1.8.4 PSYKISK HELSETENESTE/RUS

Psykisk helseteneste og rus er eit lågterskel tilbod som yter lovpålagnede tenester og oppgåver.

Psykisk helseteneste og rus har gjennom fleire år fått tilskotsmidler og hatt aktivitetsgrupper. Brukergruppa har blitt større og meir og meir av desse midlene har måttet gå til ordinær drift. Dette har gjort til at vi har fått auka bemanning.

Tenesten har vore i endring fordi ein del av brukarane i liten grad kan nyttiggjøre seg samtaler aleine, og fleire av tenestemottakerne har fått tilbod om periodevis miljørarbeiderteneste eller støtte-kontakt.

Ansatte som arbeider tett opp til tenestemottakerne har jevnlig fagmøter. Tenesta har testa ut ulike metoder på korleis dei på best mogleg måte kan gi kvarandre gode tilbakemeldinger både fagleg og menneskeleg. Ansatte jobber mykje med å støtte kvarandre og gjere kvarandre gode. Dette er med på å opprettholde det gode arbeidsmiljøet. Dette er positivt for dei ansatte og auker kvaliteten på tenestene, som er til tenestemottakernes beste.

Med bakgrunn i dei statlege føringer i 2017 om å trappe ned prosjektmidlar innanfor psykisk helsetenester og rus og øke rammeoverføringane til kommunane, har politikerane i kommunen valgt å styrke tenesta med 1 årsverk gjeldande frå 2018.

Det er også vedteke i 2017 å satse på 1 årsverk psykologstilling, gjeldande frå 2018. Denne vil jobbe tett mot psykiske helsetenester og rus og mot enhet for oppvekst og helse og velferd.

1.8.5 DAGSENTER

Dagsenteret ligg sentralt til i sentrum og er eit samarbeid mellom einingane helse og velferd, oppvekst og habilitering og ressurs. Dagsenteret utgjer basen for dagtilbod inntil fem dagar i veka for psykisk utviklingshemma, psykiske helsetenester, aktivitet for demente og oppmøteplass for arbeidsgruppa bestående av tilrettelagt aktivitet etter

§ 20 i Lov om sosiale tjenester i NAV og flyktninger i språk/arbeidspraksis.

Det har i 2017 blitt jobba med å finne gode brukertilpassa aktivitetar/ arbeidsoppgåver som gjer at brukerane føler mestring og får ein meiningsfull kvardag i felleskap med andre. Samarbeid på tvers av brukargrupper som har tilhald på dagsenteret er viktig for oppleveling av mestring og samhald.

1.8.6 ÅMLI FRIVILLIG SENTRAL

I 2017 har Åmli Frivilligsentral hatt fokus på sosialt samvær med servering av lunsj ved langbord, kiosktralle på ÅPOS, kaffeslabberas, bingo med vertar frå ulike lag i kommunen, formidling av tenester med valgfagsgruppa «innsats for andre», innsamling av julekorger til vanskelegstilte, følgeteneste til bl.a. sjukehus og tannlege, sysselesetting av språkpraktikantar, aktiv deltaking på Fargerik fest i Åmlihallen, Internasjonalt laurdagstreff og aktiv deltaking under Arendalsveka.

Vidare satsing for Åmli Frivilligsentral i 2018 blir vidareutvikling av samarbeidet med frivillige lag og organisasjoner, aktiv deltaking med rekruttering av Aktivitetsvener for demente, fortsette å lage møteplassar for alle, fortsatt vere ein samhandlingsarena for kulturelt mangfold, fortsette samarbeidet i nettverket Aust og Vest Agder, rekruttering av fleire lyttvener til 3.klassetrinn, fortsette å lage ein møteplass for alle for eit levande lokalsamfunn.

1.8.7 ØKONOMI

Driftsbudsjett for habilitering og ressurs blei vedteke med ei ramme på totalt 19.109.000,- kr.

Totalt er det eit mindreforbruk i 2017 på 1.537.479,- kr. Nokre av avdelingane har i periodar gått med redusert bemanning på grunn av noko høgt sjukefråvær og utfordringar med å knytte til seg rett kompetanse til å utføre dei ulike oppgåvene som skal driftas.

Disponering av tilgjengelige ressursar saman med gradvis utvikling av tenestene, vil styrke kompetansen og gjere det faglig meir interessant å jobbe i Åmli kommune. Innbyggjarane skal oppleve stabile og gode tenester.

1.9 Helse og velferd

1.9.1 ORGANISERING

Helse og velferd består av legekontor, fysioterapeut, langtidsavdeling, skjerma avdeling, natt-tjeneste inne og kjøkken, vaskeri og reinhald. Samt heimebaserte tenester som heimesjukepleie, natt-tjeneste ute, heimehjelp og ambulerande vaktmeister.

Administrativt har fokusområdet vore å få den nye eininga til å fungere saman. Få til gode treffpunkt og god informasjonsflyt.

Helse og velferd hadde i 2017 fokus på Velferds-teknolog og felles anskaffelser på Agder. Åmli kommune har innført ulik teknologi slik som digitale tryggleiksalarmer, dør-sensorar, fallalarm, GPS og medisindispenser. Dette har gitt pasientane og pårørande ein tryggare kvar dag. Dei tilsette opplev at dei kan ta ansvar for heimebuande betre enn tidlegare. Vi utsette innlegging på institusjon med fleire månadar i nokre tilfelle.

Brannalarm i trygdebustadane er kopla opp mot tryggleiksalarmane slik at det vil gå alarm til vakt-telefonen til heimesjukepleia om det blir utløyst aktiv alarm. Det er installert alarm som dei tilsette kan bruke i situasjonar der dei treng rask hjelp. Alarmen går til dei andre avdelingane på ÅPOS.

ÅPOS har trådlaust nettverk slik at vi har dekning på heile huset.

1.9.2 LEGEKONTOR

Legekontoret har to fastlegar og ein turnuslege. Fastlegane i Åmli har hatt en del overføringer av pasientar frå nabokommunane i 2017, slik at det er blitt sett eit tak på 800 pasientar på fastlege-listene ved kontoret.



Fokusområdet og målet for legekontoret har i 2017 vore å ha ei stabil drift. Dette har vi til dels oppnådd. Vi har inne ein vikarlege som er stabil, slik at drifta går som planlagt. Kontoret hadde turnuslege fram til august, men vi fekk ikkje ny turnuslege i september.

Legekontoret har fokus på førebyggjande arbeid, der sjukepleiar på kontoret og legane har eit tett samarbeid. Sjukepleiar har oppfølging av pasientgrupper, dette avlastar legane noko. Dette er i tråd med den nye Primærhelsemeldinga som seier at vi må tenke nytt, og ha fleire yrkesgrupper inn på legekontor.

1.9.3 FYSIOTERAPEUT



Fysioterapitenesta har fokus på: God funksjons- og mestringsevne for menneske med muskelskjekettlidningar, nedsett funksjonsemne og funksjonshemmingar. Fysioterapi er eit fagfelt som er tverrfagleg orientert, spesielt innan habilitering og rehabilitering.



Kommunens fysioterapiteneste er organisatorisk delt i to; Kommunalt tilsett fysioterapeut og privatpraktiserande fysiotera-peut med driftsavtale. Kommune-fysiotapeuten gir tenester som omfattar førebyggjande tiltak og tenester til alle menneske med nedsett funksjonsevne som har behov for opptrening, tverrfagleg rehabilitering og tilrettelegging. Ressursane er knytt til vurdering og behandling, helsefremmande og førebyggande arbeid, tenester frå helsestasjon, tilrettelegging av bustad og formidling av hjelpemiddel.

Ventetid etter skader og operasjonar har vore ca. ei veke. Det er mange pasientar med samansette behov, som treng oppfølging over lengre tid.

Tilrettelegging av bustad, oppfølging og formidling av tekniske hjelpemiddel har blitt gjennomført utan for lang ventetid. Det blir stadig fleire eldre med nedsett funksjonsevne, som bur heime, dette gir eit stort press på tenesta og fører til lengre ventetid for andre grupper.

Oppfølging av rehabiliteringspasientar på ÅPOS har vore prioritert og har hatt ei ventetid på 1-3 dagar.

Fysioterapeut har deltatt på treningsgruppe i samarbeid med psykisk helse og hatt førebyggande arbeid på helsestasjonen.

Viktig for 2018: Helsefremjande og førebyggjande helsearbeid (spesielt skulehelsetenesta og psykisk helse hos barn og vaksne).

1.9.4 FRISKLIVSENTRAL

Dette er eit låg-terskel tilbod. Det er eit tilbod til innbyggjarar som ønsker hjelp til livsstilendring. Det kan vere å bli meir aktiv, gå ned i vekt, hjelp til å slutte å røyke eller å mestre livet med dei utfordringane som livet byr på. Det er ikkje sett av midlar i budsjettet til tilbodet. Det betyr at legekontor og folkehelsekoordinator bidrar til å få dette til å fungere.

Der er tilbod om samtaler, gå-gruppe og basseng-trening.

Målet er å kunne tilby ulike kurs i løpet av året til denne målgruppen.

1.9.5 INSTITUSJON - ÅPOS

I 2017 hadde vi 10 langtidsplassar og 3 korttids- og rehabiliteringsplassar. Pr. 31.12.2017 var det 8

langtidspasientar og 5 korttidspasientar. I løpet av 2017 har vi hatt fleire inne på rehabiliteringsopphald som er kome heim til eigen bustad. Talet på korttidspasientar har i 2017 vore aukande. Nokon kjem heim etter 1 veke, andre har behov for å vere på korttidsopphald opp til flere månader.

Mål for 2017 har vore å ha ledig rom til ei kvar tid ved institusjonen, samt å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset til ei kvar tid. Dette har avdelingane klart.

1.9.6 SKJERMA AVDELING

Skjerma avdeling er ein tilrettelagt eining med seks pasientrom.

Avdelinga har i 2017 arbeidd med:

- Tillitsskapande tiltak rundt den enkelte pasient og individuell omsorg
- Fokus på kompetanseheving: Dei tilsette har deltatt på Abc perm psykisk helse eldre år for kommunar.
- Avdelinga har fokus på utvikling av demensarbeidet
- Fokus på aktivitetar

Gjennomføring av fagmøte i avdelinga har vore viktig for å få alle som arbeider saman til å finne fram til gode løysningar, og for å kunne evaluere tiltak ofte i ei krevjande avdeling. Det er viktig at alle tilsette har lik forståing og arbeider så likt som mogleg rundt den enkelte pasient.

1.9.7 LANGTIDSAVDELING

Langtidsavdelinga har 9 pasientrom, der 4 er til langtidsplassar og 1 akuttrom, samt at avdelinga har ansvar for 3 korttidsplassar.

Vi har i 2017 arbeidd med følgande fokusområde:

- Rehabilitering og korttidspasientar
- Gje god omsorg til døande pasientar og dei sine pårørande
- Gode pasientforløp
- Auke sjukepleiefagleg kompetanse
- Kompetansetiltak med fokus på demens, lindrande omsorg og aktivitet i kvardagen
- Kommunen har klart å ta i mot alle pasientane frå sjukehuset til ei kvar tid

I 2018 vil fokus vere å ha rett bemanning til rett antal pasientar. Korttidspasientar som kjem rett frå sjukehuset er ofte därlege og krev pleie og omsorg.

Det er en utfordring å ha rett bemanning. Institusjonen skulle hatt ei nedbemannning i 2017 som ikkje har latt seg gjennomføre pga krevjande pasientar.

1.9.8 KJØKKEN / VASKERI /REINHOLD



Kjøkken, vaskeri og reinhold er ei serviceeininger. Det at ÅPOS har eige kjøkken er positivt. Vi opplever at det er meir spesialkost hos pasientar både inne og ute. Eit tett samarbeid mellom avdelingane og kjøkkenet gjer at pasientar får den dietten dei treng. Fokus på god ernæring har gitt gode resultat i 2017. Det same gjeld med omsyn til gode rutiner på reinhald.

I 2017 starta arbeidet med matmerking. Det er lovpålagt at den maten som blir servert eller sendt ut til heimebuande skal vere merka med dei ulike allergenar og med næringsinnhald. Dette er eit arbeid som skjer i samarbeid med Gjerstad, Vegårshei, Tvedstrand og Risør. Det er kjøkken-leiar som er ansvarleg for dette arbeidet.

Vaskeri og reinhold samarbeider tatt med avdelingane og leverer gode tenester.

1.9.9 HEIMESJUKEPLEIE

